

Arkivnr: 2018/15997-14
Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | | 23.05.2019 |

Inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – skuleåret 2020/2021**Samandrag**

Prosjektlear legg med dette fram, som ei overgangsordning, ny inntaks- og formidlingsforskrift for skuleåret 2020/2021. Denne samanfattar dei to eksisterande forskriftene samt at den gjer fylkesdekkande tilbod søkbare i heile Vestland fylke.

Forslag til vedtak

Fellesnemnda tek inntaks- og formidlingsforskrift gjeldande for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020/2021 til etterretning.

Rune Haugsdal
prosjektlear

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Ny Inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – skuleåret 2020/2021

Fylkesrådmannen, 29.04.2019

Fellesnemnda gjorde 13.03.19, sak PS 19/2019, i vedtakspunkt 1 følgende vedtak knytt til inntaket for skuleåret 2020/2021 i Vestland fylkeskommune:

«Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.»

Inntaks- og formidlingsforskrift 2020/2021:

Prosjektleiar legg med dette fram, som ei overgangsordning, ny inntaks- og formidlingsforskrift for skuleåret 2020/2021 (Vedlagt). Denne samanfattar dei to eksisterande forskriftene samt at den tillèt at fylkesdekkande tilbod er søkbare i heile Vestland fylke.